

## Tambarskjelvar IL - Styremøte 2/2021, 17 februar 2021

Til stades: Sigrid A.Førde, Anne Sofie Berntsen, Frode Solvik, Pål Arve Myklebust, Janne Takset Nøstdal, Siss-May Edvardsen.

Saksnr	Sak	Vedtak
5/2021	<p>Norges Vektløftarforbund ser på mogelegheitene for å arrangere VM 2025 i Sunnfjord, og har i den anledning søkt om støtte frå både Kulturdepartementet, Vestland fylke og Sunnfjord kommune. Sistnemnde anbefalte at vi sende ein delssøknad til Sunnfjord Utvikling, dette har vi no gjort.</p> <p>Etter at søknaden vart sendt kom det tilbakemelding frå Sunnfjord Utvikling på at ein søknad til dei må gå gjennom ein lokal organisasjon. Dette kan gjerast sjølv om det er Norges Vektløftarforbund som forpliktar seg til å dekke dei kostnadane som vil bli i forprosjektet. Norges Vektløftarforbund ønskjer med dette å spørre om TIL kan stå som søkjar inn mot Sunnfjord Utvikling. Det er søkt om kr 500.000,- fordelt over 2021 og 2022.</p> <p>Det kan nemnast at både Kulturdepartementet, Fylke og kommune synest at dette er eit spennande prosjekt, so vil forprosjektet legge grunnlag for å ta ei avgjersle på om ein skal etablere ei søknad til VM. Kva rolle Tambarskjelvar IL kan og vil ha inn mot eit VM får ein då i tilfelle ta stilling til.</p>	<p>Styret i Tambarskjelvar er positive til å stå som søkjar til Sunnfjord Utvikling på vegne av Norges Vektløftarforbund.</p> <p>Styret syns vidare at det er gledeleg at det vert arbeidd med eit forprosjekt for å vurdere om ein kan søkje om eit VM i vektløfting 2025 i Sunnfjord.</p>
6/2021	<p>Medlemskontingent Tambarskjelvar Vi ser at det er krevjande å vedlikehalde familiemedlemskap i databasen, og det er krevjande å fakturere slike medlemskap.</p>	<p>Styret vil fremje endring frå familiekontingent til personlege medlemskap, og endra satsar, for medlemskontingent på årsmøtet.</p>
7/2021	<p>Styret har på dette møtet startet arbeidet med opprydding i medlemsdatabasen til Tambarskjelvar. Det er manglar i databasen med omsyn til personalia som e-post og telefonnummer.</p>	<p>Det vert lagt ut oppfordring på FB om at medlemmane må gå inn i Minldrett og oppdatere opplysningane sine.</p>